

Styremøte SFSG 8.6.23 på Teams

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Brede Fossen, Anne Inger Moen, Ole Bjarne Hovland og Solgun Haugen.

Johannes Gunnvordal var med på saka om kadaverkurs.

Kl 21.30 – 22.45

Sak 26/23 Kadaverkurs

Styret planla gjennomføring av kadaverkurs i Sogndalsdalen 16-18.6.23. Kurset vert gjennomført med 8 deltakarar.

Sak 27/23. Møte med Statsforvaltaren i Vestland ang fleire dyr på utmarksbeite i Vestland fylke

Statsforvaltaren i Vestland har kalla næringa inn til møte ang korleis ein skal få fleire dyr på utmarksbeite i Vestland fylke. Styret diskuterte denne problemstillinga. Styret sender ein representant til møtet i regi Statsforvaltaren.

Sak 28/23. Utfordring geiter vert smitta av byllesjuke frå sau.

Styret diskuterte kva SFSG skal gjera i samband med problemstillinga der geiter vert smitta av byllesjuke frå sau. Ein veit om to tilfeller i Vestland fylke der dette har skjedd.

Utval for mjølkegeit tek denne saka vidare.

Referent; Solgun Haugen.